

## **Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 21.01.2015**

**Tore Turøy** sette på vegne av V, FRP, H fram følgjande forslag.

Tillegg til pk. 3

- Bybanen skal knyte Bergen saman og vere ein byutviklar, ikkje berre frakte menneske inn og ut av bykjernen. Den verkeleg store oppgåva som Bybanen må løysa, er korleis vi skal få dei som i framtida kjem til å jobba på Mindemyren, på Haukeland eller i Fana/Ytrebygda til å setje frå seg bilen og bruke kollektivtilbodet til jobb.

Tillegg kulepunkt under pk. 5

- Det er viktig at det gode busstilbodet mellom sentrum og Fyllingsdalen blir oppretthalde når vi får bybane til Fyllingsdalen. Bybanen vil ikkje ta raskaste veg mellom sentrum og Oasen, men derimot knyte Bergen betre saman.

Nytt punkt 6.

Det skal leggjast til rette for gode sykkeltraseer langs heile Bybaneruta. Dette kan vere med å nå målsettinga om minst 10 % reduksjon i biltrafikken innan 2020.

### **Røysting**

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

Tore Turøy sitt forslag vart vedteke med 8 røyster (H, FRP, V).

### **Innstilling**

1. Hordaland fylkeskommune er positiv til at arbeidet med ein kommunedelplan for kollektivsystem mellom Bergen sentrum og Bergen vest startar opp.
  - Fylkeskommunen tilrår planprogrammet.
  - Fylkeskommunen ber om at nabokommunane i vest også blir trekt inn i analysar og planarbeidet.
  - Kommunedelplanarbeidet må i tidleg fase leggje vekt på å avklare behov for areal i sentrum til Bybanen, strekning Sentrum til Fyllingsdalen via Mindemyren.
  - Det må leggast vekt på potensiale for byutvikling i tilknyting til dei ulike korridorar.
  - Utgreiinga bør vurdere korleis landskap og kulturminne vert påverka, og i særleg grad gjeld dette Bergen sentrum.
2. Hordaland fylkeskommune legger vekt på kontinuerlig utbygging og støttar oppstart av reguleringsplan for Bybanen til Fyllingsdalen.
3. Planprogrammet gir eit godt grunnlag for vidare utbygging av Bybanen til Fyllingsdalen. Hordaland fylkeskommune støtter val av trase til Fyllingsdalen via Haukeland og Mindemyren, og er samd i silinga som er vist i planprogrammet.  
Bybanen skal knyte Bergen saman og vere ein byutviklar, ikkje berre frakte menneske inn og ut av bykjernen. Den verkeleg store oppgåva som Bybanen må løysa, er korleis vi skal få dei som i framtida kjem til å jobba på Mindemyren, på Haukeland eller i Fana/Ytrebygda til å setje frå seg bilen og bruke kollektivtilbodet til jobb.
4. For delstrekning Nonneseter – Mindemyren ber vi om at følgjande vert vektlagt:
  - Funksjonen til Bergen busstasjon som nasjonalt knutepunkt.

- Haukeland universitetssjukehus som målpunkt og bytepunkt
- Jernbanen sitt areal langs delstrekninga
- Senterutvikling.
- Traséalternativa kan kome i konflikt med viktige regionale og nasjonale kulturminneinteresser på delstrekninga frå Fløen til Haukeland og planarbeidet må legge særleg vekt på utforminga av traséen.

5. For delstrekning Mindemyren – Fyllingsdalen ber vi om at følgjande vert veklagt:

- Kollektivterminal ved bydelssenteret må sikrast som kompakt bytepunkt mellom ulike transportmiddelet.
- Planarbeidet må bygge opp under god senterutvikling og samkøyrast med pågående planarbeid for sentrale deler i Fyllingsdalen.
- Det er viktig at det gode busstilbodet mellom sentrum og Fyllingsdalen blir oppretthalde når vi får bybane til Fyllingsdalen. Bybanen vil ikkje ta raskaste veg mellom sentrum og Oasen, men derimot knyte Bergen betre saman.

6. Det skal leggjast til rette for gode sykkeltraseer langs heile Bybaneruta. Dette kan vere med å nå målsettinga om minst 10 % reduksjon i biltrafikken innan 2020.